



Jørn Rune Storhaug
Nipedalen 15
5164 LAKSEVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/317 - 19/13223

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
29.04.2019

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 89/6 Haugsmyra

Tiltak: arealoverføring
Byggjestad: Gbnr: 89/6
Tiltakshavar:
Ansvarleg søkjar: Jørn Rune Storhaug

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 04.02.2019 og telefonsamtale med dykk den 03.03.2019. Søknaden gjeld arealoverføring av tilsaman 112,5m² frå gbnr 89/6 til – gbnr 89/18. Gbnr 89/18 er i dag registert med 927m² i matrikkelen iht. målebrev.

Av historiske saker er det gjeve dispensasjon frå plankravet gjeve av PM i sak 21/11, datert 19.01.2011. Løyve til å rive og føre opp ny hytte med utsleppsanlegg i sak 210/513, datert 19.10.2011. Dispensasjon for oppføring av garasje og veksthus i sak 18/665, datert 27.09.2018.


Planstaus

Eigedomen er uregulert innafor det som i kommunedelplan (KDP) Lindåsosane er definert som fritidsbusetnad og eit mindre areal mot øst som er definert som LNF (landbruk-natur og friluftsliv). Areal mot vest er opplyst å vere 97,5m² med arealføremål fritidsbusetnad. Areal mot øst er opplyst å vere 112,5m² med arealføremål LNF. Tilsaman er arealet som skal overførast 112,5m².

KDP Lindåsosane – gbnr 89/18



Situasjonskart, datert 05.11.2018



Det er krav til grunngeven dispensasjon frå plankravet, jf. KDP Lindåsosane pkt. 1.1 97,5m², for 97,5m² mot vest med arealføremål fritidsbusetnad, sjå vedlagte veileder for dispensasjon.

Det er krav til grunngeven dispensasjon frå LNF-føremålet, KDP Lindåsosane kapittel 4, for 112,5m² mot øst med arealføremål LNF, sjå vedlagte veileder for dispensasjon

Frådeling er eit søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m). Frådeling krev ikkje at det vert nytta ansvarleg føretak, men kan søkjast av dykk som heimelshavar, sjå skjema om frådeling. Det må først opp på skjemaet ca. areal som skal frådelast. Alle heimelshavarar skal signere søknadsskjema, evt. at det framleggast fullmakt.

Både dispensasjonen og søknaden om frådeling skal nabovarslas, sjå skjema blankett 5154, 5155 og 5156 hos dibk.no: <https://dibk.no/saksbehandling/byggsok/Byggesaksblanketter/>

Blankett 5154 skal leverast til dei naboar/motbuar som vert varsla. Blankett 5155 - gjenpart av nabovarsel - skal leverast til kommunen. Blankett 5156 – kvittering for nabovarsling – skal leverast kommunen. Ta kontakt dersom naboliste ønskas tilsendt.

På situasjonskartet må lengde på dei nye grenselinjene først opp.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Grunngeven dispensasjon frå plankravet, jf. KDP Lindåsosane pkt. 1.1 97,5m² for 97,5m² mot vest med arealføremål fritidsbusetnad.
2. Grunngeven dispensasjon frå LNF-føremålet, KDP Lindåsosane kapittel 4 for 112,5m² mot øst med arealføremål LNF.
3. Søknad om arealoverføring.
4. Nabovarsling av dispensasjon og søknad om arealoverføring.
5. På situasjonskartet må lengde på dei nye grenselinjene først opp.

Søknad om dispensasjon har en sakshandsamingstid på 12 veker. Søknaden vert ikkje sendt på høyring, men eit eventuelt vedtak vert oversendt Fylkesmannen til klagevurdering.

Vi vil råde dykk til å at de ber oss å avvendte handsaming av delingsøknaden fram til dispensasjonen er avklart for å spare gebyr ved eventuelt avslag.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 31.05.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Dispensasjon - veileder

Skjema deling arealoverføring mm (2)

Kopi til:

Bjarne Ingmar Træland
Jørn Rune Storhaug

Åsane Senter 3 5116
Nipedalen 15 5164

ULSET
LAKSEVÅG

Mottakarar:

Jørn Rune Storhaug

Nipedalen 15 5164

LAKSEVÅG